

Til den det måtte vedkomme i Vinje Kommune

Viser til tlf samtale med Ragnhild Sølberg, der det blei referera til samtale mellom Ragnhild og Åge Verpe knytt til garasje plass for Vinje Haukeli Røde Kors Hjelpekorps på Rauland. Under følger søknad om oppføring av tilbygg på eksisterande Brannstasjon på Rauland.

Bakgrunn for søknaden og behovet for garasje plass.

Vinje og Haukeli Røde Kors Hjelpekorps driv som eit reint hjelpekorps i Vinje kommune. Me har avtale om sanitetsvakter med Haukelirennnet og Telemarkshelten (har ikkje vore arrangera seiste åra) og tek på oss enkelte andre sanitetsoppdrag etter førespurnad og oppdragets type. Vårt primære mål er å vera ein godt fungerande teneste for naudetatane ved behov. Me har mannskap busett i heile Vinje kommune og per i dag har me korpshus med garasje i Haukeli. Me ynskjer no å etablere ein permanent garasje med bil og utstyr på Rauland.

På grunn av aukande turistmengde i heile Vinje Kommune ser me at det er naudsynt med utstyr på Rauland. Det er stadig aukande trafikk på E134 og vêrsituasjonen gjer at det fleire gonger om vinteren er stengt mellom Rauland og Haukeli pga ras eller rasfare. Dersom det blir stans på E134 som følgje av vogntog eller bilar som sperrar vegen vil utstyret vårt vera nærmast isolera i Haukeli. Dersom det i slike tilfelle skjer ein aksjon på Rauland eller Øyfjell vil me ha store utfordringar med å få tak i naudsynt utstyr raskt. Me ynskjer derfor å etablere ein garasje på Rauland og har i dag eit midlertidig leigd lokale på Vierli i påvente av ei permanent løysing. Her ynskjer me å stasjonere ein bil, snoskuterar og ATV. Samt naudsynt utstyr for rednings- og fyrstehjelpsoppdrag sommar og vinter.

Søknad om garasje plass på Rauland

Med tanke på responstid og utkøyring er lokalisering av garasje plass saman med brannvesenet ideell. Det ligg midt i sentrum og gjer at dersom ein kjem frå Øyfjell, Åmot eller Raulandsområdet så brukar ein ikkje unødig mykje tid på å køyre for å hente utstyr. Heile vintersesongen er me avhengig av at området rundt garasjen blir brøyta og evt. strøydd slik at me kan koma fram og ut til alle døgnets tider uansett ver. Sida brannvesenet har same behov og krav vil ei samlokalisering redusere brøytekostnader og forenkla dette arbeidet og ansvaret betydeleg. Samlokalisering vil og gjera at me kan dra nytte av kvarandres kompetanse og utstyr. Brannvesenet har muntleg ytra ynskje om å låne utstyr av oss ved akutte situasjoner. Me har mykje sambands- og redningsutstyr i tillegg til køyretøy og me trur derfor at me kan ha gjensidig nytte av samlokalisering. Me har fått tilgang på planteikningane til branngarasjen i Edland og har tatt utgangspunkt i denne, samt fysisk befaring i forkant av søknaden.

Me søkjer om garasje med to portar, der det eine løpet har port i begge endar. Under følger punkt me meiner er relevante ved utforminga av tilbygget og bilete tatt under befaringa.

Bilete nr 1 viser bil og tilhengar med lengde tilsvarande dei bilane me har i hjelpekorpsset i dag. Som de ser av bilete er lengda på bygget ideell for lagring av bil med hengar kobla saman. Me meiner det er eit viktig punkt mtp. raskast mogleg utrykkingstid når det skjer akutte situasjonar der me bistår politiet, HRS eller AMK.

Bilete nr 2 og 4 viser den delen av bygget der me tenkte det var mest aktuelt med eit tilbygg (austleg del av bygget). På motsett side vil det koma i konflikt med renovasjonsanlegget og tilhøyrande veg. På befaringa målte me opp tomt tilsvarande arealet som branngarasjen har (Lengde og bredde innvendig mål 10850*12000). Denne storleiken vil gje god plass til ein bil med tilhenger i eit løp og tilhenger, snoskuter og atv i det andre løpet. Me vil ha behov for noko veggplass for oppbevaring av blant ana sambandsutstyr, fyrstehjelps- og redningsutstyr. Samt plass i rommet for tørking av fjelldukar, soveposer og alt ana materiell som blir vått og fuktig under aksjonar sommar som vinter.

Bilete nr 3 viser bygget sett frå nordsida. Mtp logistikk, inn og utkøyring av bilar, parkering av private bilar under aksjonar og evt samtidig utrykking av brannvesenet ser me at det kan vera fornuftig med port i begge endar i det eine løpet. Slik at ein kan køyre bil og henger rett inn, istadenfor å rigge den på plass frå framsida av bygget, der det truleg vil stå ein del private bilar parkera. Brannvesenet har eit løp med gjennomkøyring og det vil vera naturleg å foreslå ei utviding mot aust av den asfaltera vegen brannvesenet nyttar i dag

Når det gjeld øvrig innhald i garasjen slik som toalett, vasspunkt, belysning osv. foreslår me at representantar frå kommunen og styret i hjelpekorpsset møtes for å avtale dette i etterkant av søknadsprosessen og behandling av denne.

Bilete nr 4 viser ei skisse over eksisterande bygg med vårt forslag til påbygg.

Vedlegg: Bilete 1-4




Bilde nr 1



Bilde nr 2



Bilde nr 3



Bilde nr 4